



Medlemmar av FAU v/Ostereidet barneskule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2398 - 17/16309

Saksbehandlar:

Torill Persson Solli

torill.persson.solli@lindas.kommune.no

Dato:

02.06.2017

Referat frå FAU møte 24. mai

Desse møtte: Therese Hopland, Eva Hindenes, Bjarne Ramsvik , Torill Persson Solli, Marita Tunes, Laila Hindenes og Christine Veland.

Evaluering av 17. mai:

- Gode erfaringar med at dei ulike komiteane er delte inn etter klassar, vi held fram med det til neste år. Det var både forutsigbart og gav ein større ansvarskjensle for å stille opp.
- Det var nok kaker og mat, det gjekk mykje is, Synnøve har skrive handleliste, ho har også notert kva som gjekk tomt og kva det var for mykje av. Det hadde vore ønskjeleg med sal av vatn, drikk utan kullsyre.
- For at foreldre skal få gå i toget saman med barna sine, ønskjer vi at leikane starter 10 min etter toget har kome på skuleplassen. Dette gjer vi neste skuleår.
- Det var flott å møte på Ostertun, bebruarane og pårørande der er strålande nøgd med 17. mai feiringa.
- Det vi må sikre oss neste år er at lydanlegget er betre, vi må passe på at alle kablar og lydanlegg er testa på førehand.
- Flott at programmet var kome ut på førehand
- Alle var veldig nøgd med talen
- FAU ønskjer at skulen øver på å gå i tog
 - Kan det vere premiering for beste klasse (hurrarop og fane)
 - Føresette må snakke med barna om korleis vi oppfører oss når vi går i tog
 - Det er viktig at permanente vert oppdaterte med eigne sjekklister
 - Det var kjekt med nye innslag på 17. mai som popcort og sukkerspinn
 - Issal i sekretariatet fungerte veldig bra
 - Nokon hadde sett ned prisane frå i fjor, noko som måtte rettast opp 17. mai. Vi kan ikkje selje mat og drikk billigare enn vi kjøper det på butikken, då går FAU i tap.
 - Budsjett vart gjennomgått, kjem ut endeleg oversikt når alle utgifter er betalt.

Med helsing

Torill Persson Solli
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Medlemmar av FAU v/Ostereidet
barneskule